

Ål kommune
MØTEINNKALLING
Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen
Møtedato: onsdag 22.08.2007 **Tid:** 18:00

Forfall må meldast snøggast mogeleg til møtesekretær på telefon 32 08 50 00
Varamedlemer møter etter nærmare avtale.

SAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
38/07	06/134	HELSEHUSET - TILBYGG
39/07	07/1236	HEIS I TINGSTUGU
40/07	07/546	KLIVI NÆRINGSPARK - REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2006
41/07	07/895	HELSE- OG SOSIALPLAN 2008 - 2011
42/07	07/1105	KARRIERESENTER FOR HALLINGDAL
43/07	07/1223	TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - TØMRARA'N AS
44/07	05/1387	EIGENGODKJENNING - REGULERINGSPLAN FOR KROKTJERNVEGEN
45/07	06/1482	FORSKRIFT OM HUNDHALD, ÅL KOMMUNE
46/07	07/1263	MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 22.08.07

Stad: Ål kommune, 15.08.2007

Torleif T. Dalseide
ordfører (sign.)

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 38/07
Arkivsaksnr: 06/134
Arkivkode: 614

Sakshandsamar: Kjell Kløve

Saksnummer	Utval	Møtedato
91/07	Formannskapet	13.08.2007
38/07	Kommunestyret	22.08.2007

HELSEHUSET - TILBYGG

Saka vert avgjort av:
Ål kommunestyre

Vedlegg:

- Oversikt - økonomi frå Roar Jørgensen A/S av 31.07.07.
- Kommentar til økonomi frå Roar Jørgensen A/S av 01.08.07.
- Fasader-anbud dat. 11.06.07.
- Fasader-forprosjekt dat. 02.08.06.

Dokument i saka:

- Samme som vedlegg.
- Økonomiplan og prosjektrekneskap.

Saksopplysningar:

Kommunestyret handsama forprosjektet for tilbygg til helsehuset 17.08.06, k.sak 37/06, og administrasjonen vart beden om å lyse ut prosjekteringsoppdraga for dei respektive byggefaga. Saka vart sidan også behandla av kommunestyret i samband med økonomiplan og budsjett for 2007 og framover, k.sak 84/06 den 21.12.06. Til tross for framlegg om utsetjing av denne utbygginga, vedtok kommunestyret å halde fram med prosjektering/utbygging, og det vart løyvd 5,5 mill. kr. til prosjektet. Frå tidlegare var det løyvd kr. 80.000 til forprosjektering, slik at samla løyving er på kr. 5.580.000,-.

Byggekomite for prosjektet har vore rådmann, skulesjef og teknisk sjef. I tillegg er det dratt inn faglege personer frå reinhaldsavgd. og IT-avgd. samt verneombud for eksisterande bygg.

Som prosjekterande har ein nytta seg av Roar Jørgensen A/S som arkitekt, DBC-bygg på bygningsteknisk prosjektering, DBC-Elprosjekt A/S på elektro, Sweco Grøner på VVS og SOSL Brannconsult på brannteknikk.

Under prosjekteringa er det gjort ein del tilval av byggekomiteen utover det som låg til grunn i forprosjektet. Dei viktigaste og mest kostnadskevande er:

- Oppvarming med vassboren varme
- Tilrettelegging av ventilasjon for i framtida å dekke også eksisterande bygningsmasse.
- Ekstra tilrettelegging for å imøtekoma krav til utstyr og innreiing for tannlege.
- Brannalarmanlegg og overfallsalarm som dekkjer heile huset.
- Div. tilrettelegging for IT-anlegg, også for å modernisera eks. anlegg.
- Ny hovudtavle for straum som dekkjer heile huset.
- Automatikk og SD-anlegg for ventilasjon.

Arbeida har vore lyst ut på anbud. Det kom inn to anbud på kvar av bygg, ventilasjon og røyrlegging og eit anbud på elektro.

Konsulentane har gått gjennom anbud og innstilt på dei lågaste anbydarane.

Ut frå dette er det frå arkitekten si side sett opp ei økonomisk oppstilling med grunnlag i dei lågaste anbuda/tilbuda, som inkluderer andre kostnader med unntak av prisstigning i byggeperioden og honorar til byggeleiar.

Oppstillinga gir også ein oversikt over tilvalga som er gjort. Sjå forøvrig vedlegg.

Total kostnad ekskl. prisstigning og byggeleiing er rekna til kr.10.992.100,-

Forhold til overordna plan:

Kostnader heng saman med økonomiplan.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

I planane og anbudet er det teke omsyn til inneklima og arbeidsmiljø for tilbygget og tilrettelagt for ei naudsynt forbetring i eksisterande bygningsmasse.

I høve til tidlegare miljømessige prinsipper som politisk er lagt for andre bygg er det også planlagt med vassboren varme, tilknytta grunnvarmeanlegget i H/S-senteret.

Økonomiske konsekvensar:

Prosjektet, slik det ligg føre, krev ei tilleggsløyving utover avsette midler i økonomiplanen på ca. 6 mill. kr.

Vurdering:

Som ein ser av saksopplysningane er kostnadene med dette prosjektet langt over det som er lagt inn i gjeldande økonomiplan.

Inkluderer vi byggeleiing og prisstigning får vi ein sluttsam på ca. 11,5 mill kr. Dvs at det er behov for ytterligare 6 mill. kr. for å gjennomføre prosjektet, altså meir enn ei dobling i høve til økonomiplanen.

I vedlagte notat frå arkitekten er kostnadsauken kommentert, og det er klart at tilvalga utgjer ein ganske stor del av kostnadsauken, medan resten av auka skuldast prisstigning og markedssituasjonen. Ein del av tilvalga kan kanskje diskuterast, men byggenemnda har lagt fylgjande til grunn ved desse vala:

- Dei politiske signala om bruk av vassboren varme er sterke. I dette tilfellet nyttar ein seg av allereie etablert grunnvarmeanlegg i HS-senteret som har nok kapasitet.
- Ventilasjonsanlegget i eksisterande bygg er svært mangelfullt og ”gammaldags”. Ved å legge til rette for anlegg som kan dekke heile huset sparar vi i høve til framtidige investeringar og får driftsmessige fordelar med tanke på automatikk mm.
- Felles brannalarmanlegg og overfallsalarm er naturleg å vurdere for heile bygget.
- Utvendige kummar og ledningsnett, datanett, datainstallasjonar og straumforsyning er naudsynt å tilpasse når vi bygger nytt. Detaljar kring dette var ikkje kjent når forprosjektet vart utarbeidd.

Reserver i utbyggingsfondet er allereie oppbrukt pga kostnadsauke i andre prosjekt, bl.a. ungdomsskulen. Det er heller ikkje gjennomført sluttfinansiering av siste utbygginga i HS-senteret som utgjer 2-3 mill. kr.

Samstundes står kommunen framfor store investeringar på mange områder der det politisk er varsla innsats både på vegar, vassverk, avløpsanlegg, barnehagar og skuler.

Rådmannen er difor av den meining at med den kostnaden vi ser for oss i dette prosjektet, vil det vera økonomisk rett å avlyse eller utsetja utbygginga.

Lokaler for barneverntenesta må løysast ved leige av lokaler og tannlegetenesta kan førebels halde fram der dei held til i dag.

Det er rett nok brukt ein del pengar på prosjektet i form av forprosjekt og detaljprosjektering. Dersom ein seinare får økonomisk mogelegheit for å gjennomføre utbygginga vil likevel dette arbeidet vera til nytte.

Rådmannen si innstilling:

1. På grunn av høge kostnader og store investeringsbehov i åra framover, vedtek Ål kommunestyre å utsetje utbygging av Helsehuset i denne omgang.
2. Administrasjonen får i oppdrag å undersøkje marknaden med tanke på leige av lokaler til barneverntenesta, ev. ved fornying av avtalen i Kolsrudbygget og ominnreie/pusse opp etter behov.
3. Tannlegetenesta får tilbod om forlenging av leigeavtala på same stad som no

Drift- og vedlikehaldsavdelinga, 03.08.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Kjell Kløve
Teknisk sjef

Formannskapet handsama saka den 13.08.2007, saksnr. 91/07

Handsaming:

Frøydis S Dekko gikk frå som inhabil og det var 6 repr som handsama saka.

Torleif Dalseide la fram forslag om å bytte ut "utsetje" i pkt 1 med "skrinleggje". Dette fekk 2 røyster (1V+1SV) og falt.

Tore Bøygard la fram følgjande forslag til nytt pkt 4:

Kommunestyret ber om at utbygging av Helsehuset blir vurdert på nytt i samband med årsbudsjett og økonomiplanen 2008-2011. Byggekomiteen vert beden om å vurdere på nytt dei tilvalg som ligg i prosjektet.

Pkt 1, 2, 3 vart samrøystes tilrådd, medan nytt pkt 4 fekk 4 røyster (1A+1Sp+1H+1Frp), medan mindretallet 2 røysta i mot (1V+1SV).

Formannskapet si innstilling:

1. På grunn av høge kostnader og store investeringsbehov i åra framover, vedtek Ål kommunestyre å utsetje utbygging av Helsehuset i denne omgang.

2. Administrasjonen får i oppdrag å undersøke marknaden med tanke på leige av lokaler til barneverntenesta, ev. ved fornying av avtalen i Kolsrudbygget og ominnreie/pusse opp etter behov.
3. Tannlegetenesta får tilbod om forlenging av leigeavtala på same stad som no.
4. Kommunestyret ber om at utbygging av Helsehuset blir vurdert på nytt i samband med årsbudsjett og økonomiplanen 2008-2011. Byggekomiteen vert beden om å vurdere på nytt dei tilvalg som ligg i prosjektet.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 39/07
Arkivsaksnr: 07/1236
Arkivkode: 612

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
92/07	Formannskapet	13.08.2007
39/07	Kommunestyret	22.08.2007

HEIS I TINGSTUGU

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:
Trappeheisbrosjyre Rigert

Dokument i saka:
Tidlegare sak om Ombygging i Tingstugu
Arkitektteikningar

Saksopplysningar:

Kommunestyret gjorde i samband med "Ombygging i Tingstugu" vedtak om at heisløysing skulle greiast ut. Det var ikkje utdjupa korvidt kommunestyret ville ha heisløysing til alle etasjar og begge bygg i Tingstugu, eller om det berre galdt frå inngangspartiet til 2. etg / kommunestyresalen. Administrasjonen har vurdert behovet berre å gjelde mellom 1.etg og 2.etg i "gamlebygget". Dette fordi tilsette elles i bygget kan møte brukarar i Servicetorget / møterom i 1.etg., og at det er funksjonshemma sin moglegheit for deltaking i kommunestyre og andre møter, eller som tilhøyrar i slike møter, som er vanskeleg å løyse utan heis.

Det er i dag ikkje lovheimel for å krevje heis eller annan universell utforming, men NOU 2005 : 8 om Likeværd og Tilgjengelighet har forslag om endringar. I tillegg har regjeringa bebuda at ein eigen diskriminerings- og tilgjengelighetslov knytt til nedsett funksjonsevne vil bli framlagt i 2007.

I NOU 2005 : 8 står det m.a. følgjande om nye krav til eksisterande bygg:
Fleirtalsforslaget imøtekommer langt på vei motforestillingene ved at plikten til universell utforming av eksisterende bygg mv., ikke får virkning før 1. januar 2019.

Ut frå dette kan ein slutte at det pr i dag ikkje er krav til heis ved endringar i eksisterande bygg, men at regjeringa sine intensjonar saman med kommunen sitt ynskje om best mogleg tilgjenge for alle, vil vere retningsgjevande. Dette skal likevel ikkje relatert til den ombygging av kontor som skal skje hausten 2007, da einaste endring som skal skje i samband med dette er NAV- etablering. Her blir

lokala lagt på same plan som inngangspartiet og utløysar ikkje krav om heis. Det er med andre ord heilt andre grunnar enn ombygginga som bringar heiskravet inn i ombyggingssaka.

Ut frå eit mogleg behov og gode intensjonar om betre tilgjenge, bør det likevel gis moglegheit for transport av rullestolsbrukarar mellom 1. og 2. etg i gamle Tingstugu.

Fast heis.

Arkitekten har sett på moglegheitene for vanleg heis i bygget frå 1. etg til 2.etg. Det er tre moglegheiter ved inngangspartiet. To av desse krev nedlegging av to kontor, medan det tredje alternativet ville "stele" plass i Servicetorget og krevje nedlegging av eitt kontor eller toalett i 2.etg. Sjølv om heisen skal gå over to etasjar, vil det krevje fundamentering i u.etg og slik sett gripe inn i tre etasjar i huset. I så fall kan areal i u.etg også gå tapt.

Kostnaden med fast heis ved Ål Ungdomsskule var 630.000 kr for sjølv heisen. I tillegg til prisen på heis kjem det bygningsmessige arbeidet med heissjakt, elektrisk entreprise og ventilasjon. I eit så vidt gammalt bygg med tregolv med leirmasse vil ein fort støyte på overraskingar og må pårekne at fast heis i sum kan koste 1 – 1,5 mill kroner.

I tillegg kjem årlege utgifter med tilsyn og vedlikehald.

Alternativet med ein skruheis i staden for ein vanleg heis vil redusere kostnaden, men da er forskjellen til ein trappeheis mest at ein sit i eit lukka heisrom.

Trappeheis.

Alternativet til tradisjonell heis vil vere ein trappeheis montert i trappeløpet. Det inneber fjerning av eksisterande rekkverk i innersving i trappa og montering av nytt, som heisen blir montert på. Denne gir tilsvarande tilkomst mellom 1.etg og 2.etg., men vil ikkje redusere det øvrige arealet / talet på kontor, og har ein kostnad på om lag 150.000 – 300.000 kroner (inkl. montering) avhengig av type. Eit springande punkt med trappeheisløysinga har vore berevne, og at motoriserte rullestolar var for tunge. Den største trappeheisen kan tole 300 kg, medan dei fleste motoriserte rullestolane veg 140 – 150 kg (kjelde Hjelpemiddelsentralen i Buskerud). Ein av stolane veg 165 kg. Rullestolsbrukar kan slik sett ha ei vekt på inntil 130 – 160 kg avhengig av rullestoltype.

Forhold til overordna plan:

I Økonomiplanen for 2007-2010 ligg det ikkje inne eit slik heisprosjekt.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Betre tilgjenge vil ha ein positiv effekt for funksjonshemma om / når behovet oppstår for deltaking i møter i kommunen.

Økonomiske konsekvensar:

Da prosjektet ikkje ligg inne i økonomiplanen og årsbudsjettet vil dette innebere ei tilleggsløysing på 300.000 kr opp til 1,5 mill kroner avhengig av løysing.

Vurdering:

Fast heis er vesentleg enklare å nytte for ein rullestolsbrukar, og estetisk gi ein betre løysing. Sett i lys av at den planlagde ombygginga skal skje nettopp for å auke kontorkapasiteten, vil arealkravet for fast heis skape problem. Kostnaden og arealbehovet talar i mot fast heis.

Trappeheis vil gi tilfredstillande tilkomst, sjølv om den ikkje er like enkel å nytte og vil krevje ombygging av rekkverk. Trappeheis vil ikkje redusere talet på kontor og har ein prislapp på 17-18 % av kostnaden med fast heis.

Fram til i dag har heisløysing vore lite aktualisert, men det er nok at eitt medlem av kommunestyret i ein periode har rullestolbehov for at kravet til heis må innfrias. Tilsvarande vil ein tilhøyrar vere avskoren frå å møte fram i kommunestyremøtet, slik me allereie har opplevd ved eit par høve. I ei rein kost / nytte-vurdering, er det vanskeleg å forsvare den optimale løysinga med fast heis, og rådmannen vil difor tilrå at tilkomstmoglegheita for rullestolbrukarar blir løyst med trappeheis mellom 1.etg og 2. etg i Tingstugu.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre ber rådmannen i samband med ombygging hausten 2007, å syte for installering av trappeheis mellom 1. og 2. etg i Tingstugu.

Kostnaden blir dekt frå utbyggingsfondet med inntil 300.000 kroner.

Rådmannen i Ål, 07.08.2007

Trond Kleppen
rådmann

Formannskapet handsama saka den 13.08.2007, saksnr. 92/07

Handsaming:

Ivar Brevik fremma følgjande forslag:

Trappeheis og 300.000 kroner byttast ut med fast heis og inntil 1,5 mill kroner. Dette vart tilrådd med 4 røyster (1Sp+1SV+1Frp+1Krf). Mindretalet 3 røysta for rådmannen sin innstilling (1V+1H+1A).

Formannskapet si innstilling:

Ål kommunestyre ber rådmannen i samband med ombygging hausten 2007, å syte for installering av fast heis mellom 1. og 2. etg i Tingstugu.

Kostnaden blir dekt frå utbyggingsfondet med inntil 1,5 mill kroner.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 40/07

Arkivsaksnr: 07/546

Arkivkode: 210 &14

Sakshandsamar: Kari Hallingstad Medgard

Saksnummer	Utval	Møtedato
87/07	Formannskapet	13.08.2007
40/07	Kommunestyret	22.08.2007

KLIVI NÆRINGS-PARK - REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2006

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Årsmelding og rekneskap 2006 for Kleivi Næringspark
Revisjonsmelding for 2006

Dokument i saka:

*

Saksopplysningar:

Styret for Kleivi Næringspark har handsama årsmelding og rekneskap for 2006 med slikt vedtak:
"Styret for Kleivi Næringspark rår kommunane til å godkjenne årsmelding og rekneskap for 2006."

Av årsmeldinga går det fram at driftsrekneskapen er gjort opp med eit overskot på kr 48 001,-. Budsjetten syner eit underskot på kr 30 850,-. Inntektene, vassavgifter er på kr 193 852,-. I budsjettet var det rekna med inntekter på kr 123 000.

Hovudvegen gjennom næringsparken har vorte utvida og det er lagt ny asfalt. Det vart ei overskriding i forhold til budsjettet på kr 46 271,- som er dekt opp av fond etter Valdres Vaskeri

Resten av arealet tilhøyrande Kleivi Næringspark er seld til Hallingplast AS

Hallingdal Trepellets starta produksjon av trepellets i 2006. Næringsparken har kjøpt 8 da. Av Hallingdal Renovasjon for bortleige til gartneri. Gartneriet har opparbeida tomta og lagt fram vatn, kloakk og fjernvarme.

Kommunane har arbeid med ny reguleringsplan for næringsparken, men det er mange motsegner frå Statens Vegvesen og Fylkesmannen i Buskerud. Det er ein del spørsmål etter næringsstomter i Kleivi,

men styret her ikkje meir areal å tilby før reguleringsplanen er ferdig og det vert inngått avtaler med grunneigarane om nytt areal.

Forhold til overordna plan:

*

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

*

Økonomiske konsekvensar:

*

Vurdering:

Rådmannen syner til opplysningane i saka og rår til at årsmelding og rekneskap 2006 for Kleivi Næringspark blir godkjent.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre godkjenner årsmelding og rekneskap 2006 for Kleivi Næringspark.

Adm. og fellesteneste, 07.08.2007

Trond Kleppen
rådmann

Formannskapet handsama saka den 13.08.2007, saksnr. 87/07

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 41/07
Arkivsaksnr: 07/895
Arkivkode: F00 &30

Sakshandsamar: Øystein Lappegard

Saksnummer	Utval	Møtedato
17/07	Sektorutval for helse- og sosial	26.06.2007
89/07	Formannskapet	13.08.2007
41/07	Kommunestyret	22.08.2007

HELSE- OG SOSIALPLAN 2008 - 2011

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Til sektorutvalet: Helse- og sosialplan 2008 – 2011 sendt til høyring
Høyringsuttaler (vert lagt fram på møtet)

Til kommunestyret:

Justert og vedteken plan etter handsaming i sektorutvalet for helse- og sosial

Dokument i saka:

Ingen

Saksopplysningar:

Helse- og sosialplanen skal rullerast årleg. Rulleringa vert gjort med bakgrunn i sentrale styringssignal gjennom Rundskriv IS-1/2007 frå Sosial- og helsedirektoratet, årsmeldingar og årsplaner for sektoren og med bakgrunn i drøftingar i strategikonferansen 24.04.07 og dei lokale politiske styringssignala som sektorutvalet har gjort i møte av 22.05.07.

Framlegg til Helse- og sosialplan 2008-2011 har vore ute på høyring. Høyringsuttaler vert lagt fram i møtet i sektorutvalet for helse- og sosial 26.06.07 og eventuelle justeringar vert vedtekne der. Saka vert lagt fram for kommunestyret i augustmøtet.

Forhold til overordna plan:

Helse- og sosialplanen er ei overordna plan som klargjer utfordringar og legg målsetjingar og hovudprioriteringar for helse- og sosialsektoren neste 4-års periode.

Økonomiske konsekvensar:

Økonomiske konsekvensar vert innarbeidd i sektoren sitt budsjettarbeid.

Vurdering:

Den årlege strategikonferansen med drøftingar mellom sektorutval og administrasjon, vart helde den 24.04.2007. Med bakgrunn i denne konferansen har sektorutvalet gjort vedtak som legg dei lokale politiske styringssignala for sektoren sitt arbeid framover.

Helse- og sosialsektoren har gode erfaringar med plansystemet. Strategikonferansen legg eit felles fundament for politikarar og administrasjon der ein får ei felles forståing av behov og utfordringar. Sektoren meiner at ein i tidlegare år har lukkast i å prioritere dei område som politikarane har peika på gjennom sine lokale styringssignal.

Administrasjonen vil særleg peike på dei utfordringar som framleis ligg i pleie- og omsorgstenestene og særleg innan eldreomsorga. Dei statlege styringssignala er eintydige i høve til å bruke auken i dei frie midla til kommunane til å styrke omsorgstenestene. Sektorutvalet fylgjer opp dette i sine framlegg under fyrste og andre prioritet.

Rådmannen vil også gjera merksam på den befolkningsframskrivinga som er omtala i planen. Helse- og sosialsjefen vil i 2007 setje ned ei plangruppe for å utgreie omsorgstenestene i kommunen både på kort og lang sikt og både i høve til tenestebehov, tenestenivå og bygningsmasse. I statsbudsjettet til hausten kjem det nye tilskotsordningar for utbygging av plassar innan omsorgstenestene.

Sektorutvalet peikar også på behova innan legetenesta der ein slit med låg medarbeidarfaktor og lokale som har vore uendra i snart 20 år. Rammene rundt legetenesta er i ferd med å sakke akterut i høve til samanliknbare kommunar.

Vidare lyfter sektorutvalet fram det førebyggjande arbeidet. Det vert lagt fram ei evaluering av Prosjekt frisklivssentral rett over sumaren. Styringsgruppa har handsama rapporten og tilrår ei vidareføring som ei fast ordning i kvar av dei to samarbeidande kommunane. Det er positive erfaringar med frisklivssentralen som ein koordinerande og initierande instans i kommunen.

Dei sosiale tenestene må styrkast. Men no er det ikkje økonomisk sosialhjelp som er fokusert, men arbeidet gjennom Vinn-vinn-tiltaket, støttekontaktordninga, rusarbeid og gjeldsarbeid. Helse- og sosialsjefen vil koma attende til dette i sitt budsjettframlegg.

Sektorutvalet gjev administrasjonen ei utfordring i høve til å styrke det tverretatlege samarbeidet innan barnevern, ungdomsarbeid, helsestasjon og flyktningar. Rådmannen vil koma attende til framlegg i høve til denne utfordringa.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre vedtek Helse- og sosialplan 2008 – 2011 og ber administrasjonen leggje planen til grunn for arbeidet framover. Kostnadskrevjande tiltak skal fremjast gjennom budsjettarbeidet.

Helse- og sosialsektoren, 12.06.2007

Trond Kleppen
rådmann

Øystein Lappegard

Sektorutval for helse- og sosial handsama saka den 26.06.2007, saksnr. 17/07

Handsaming:

Sektorutvalet for helse og sosial samla seg om følgjande vedtak:

1. SHS ber rådmannen setje i gang ei evaluering av den organisasjonsmessige plasseringa av helsestasjon og barnever.
2. SHS ber om at det vert teke formelle grep som sikrar kommuneoverlegen si deltaking i det kommunale planarbeidet.
3. SHS ber om at høyringsuttala frå Ål eldreråd vert lagt ved saka i den vidare saksgangen.

Rådmannen si innstilling var samrøystes tilrådd.

Vedtak:

1. SHS ber rådmannen setje i gang ei evaluering av den organisasjonsmessige plasseringa av helsestasjon og barnever.
2. SHS ber om at det vert teke formelle grep som sikrar kommuneoverlegen si deltaking i det kommunale planarbeidet.
3. SHS ber om at høyringsuttala frå Ål eldreråd vert lagt ved saka i den vidare saksgangen.

Innstilling:

Ål kommunestyre vedtek Helse- og sosialplan 2008 – 2011 og ber administrasjonen leggje planen til grunn for arbeidet framover. Kostnadskrevjande tiltak skal fremjast gjennom budsjettarbeidet.

Formannskapet handsama saka den 13.08.2007, saksnr. 89/07

Handsaming:

Rådmannen og SHS si innstilling vart samrøystes tilrådd.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 42/07

Arkivsaksnr: 07/1105

Arkivkode: 130 &40

Sakshandsamar: Trond Kleppen

Saksnummer	Utval	Møtedato
86/07	Formannskapet	13.08.2007
42/07	Kommunestyret	22.08.2007

KARRIERESENTER FOR HALLINGDAL

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Prosjektplan for Hallingdal Karrieresenter 2007

Dokument i saka:

Sak i Regionrådet juni 2007

Saksopplysningar:

Regionrådet hadde til behandling i junimøte sak om å opprette eit felles karrieresenter med slik Vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at karrieresenter for Hallingdal blir etablert frå 1.1.2008, med ein prosjektperiode på 3 år.
2. Prioriterte arbeidsoppgåver må m.a. vera arbeid for redusere fråfall i vidaregåande opplæring og betra samarbeid mellom utdanningssystem og arbeidsliv.
3. Regionrådet føreset at Buskerud fylkeskomme står som prosjekteigar.
4. Regionrådet legg til grunn at NAV engasjerar seg i kompetansesenteret f.o.m. 1.1.2009, som ein likeverdig part på linje med Buskerud fylkeskommune og kommunane i Hallingdal, også i forhold finansiering av karrieresenteret.
5. Regionrådet legg til grunn at det er utarbeida avtale med NAV før etablering av karrieresenteret.
6. Regionrådet for Hallingdal vil ta initiativ overfor næringslivet ved HallingExpo, for å få dei aktivt med i karrieresenteret.
7. Det må fram til etablering av senteret arbeidast aktivt for å få på plass partnerskapsavtaler med relevante aktørar.
8. Regionrådet rår kommunane i Hallingdal til å vera med på slik finansiering:
 - Dekning av utgifter 2008 med 50% av kostnadane, med ei øvre ramme på kr. 790.000.
 - Dekning av utgifter 2009 med inntil 1/3 av kostnadane, med ei øvre ramme på 500.000 kr
 - Dekning av utgifter 2010 med inntil 1/3 av kostnadane, med ei øvre ramme på 400.000 kr

Kommunane si økonomiske deltaking vil kunne bli vurdert ut frå sentrale føringar som blir gjevne.

9. Det er lagt til grunn ei fordeling av kostnader med 30% i forhold til deltakande kommunar og 70 % i forhold til folketal.
10. Regionrådet legg til grunn at det blir etablert eit prosjektstyre for karrieresenteret med representantar frå Buskerud fylkeskommune, kommunane i Hallingdal, NAV Buskerud og eventuelt næringslivet i Hallingdal.
11. Regionrådet rår til at karrieresenteret bli lokalisert i Hallingdal Næringshage for 2008, men at prosjektstyre vurderar lokalisering frå 1.1.2009, etter at NAV er kome inn som

Prosjektet må, med bakgrunn i kommunalt tilskot, godkjennast av dei 6 kommunestyrene i Hallingdal før det kan iverksettast. Slik godkjenning må skje med eit atterhald om deltaking frå alle kommunane og dei øvrige samarbeidspartane. For Ål kommune vil prosjektdeltakinga innebere ein kostnad på ca 40.000 kr etter 30%-regelen, og 125.000 kr etter folketal, tilsaman 165.000 kroner. Frå 2009 vil dette bli redusert til ca 105.000 kr og for 2010 redusert til ca 80.000 kroner for Ål kommune.

Bakgrunn

”Yrkes-og utdanningsveiledning” har vore eit samlebegrep knytt til grunnutdanninga, og evt. vaksne med opplæringsrettar.

Karriererettleiing har ein utvida funksjon i forhold til yrkes-og utdanningsretteiing. Den er prosessuell, angår alle aldersgrupper, skal gje retteiing for både utdanning og/eller yrke/arbeid.

Buskerud fylkeskommune har valt ulike tiltak for å styrke karriererettleiinga i skula. Samstundes har hovudutvalet for utdanning eit ynskje om å prøve ut ulike modellar for ekstern retteiing.

Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak 30.08.06, sak 038/06, pkt.5 :

Fylkesutdanningssjefen gis fullmakt til å prøve ut to modellar for ekstern karriereveiledning:

- *Karrieresentret på Papirbredden som et treårig prosjekt i henhold til tidligere vedtatt forprosjekt.*
- *Karrieresenter på Gol i nært samarbeid med lokalt nærings-og samfunnsliv. Finansiering av karrieresentrene søkes innarbeidet i Handlingsprogrammet 2007-2010 og ved en omfordeling av midler i sektoren.”*

Det vart vidare presisert frå fylkeutdanningssjefen at prosjektplanen skal omfatte følgjande:

”Gruppa skal legge fram et forslag til målsetting for senteret der Karrieresenterets oppgaver blir sett på i et perspektiv skole-næringsliv i Hallingdalsregionen.”

”Prosjektgruppa blir her bedt om å fokusere spesielt på hvordan et karrieresenter kan være til nytte for dalens arbeidsliv og relasjonene mellom utdanningsaktører og arbeidsliv.”

Med bakgrunn i vedtak i Buskerud fylkeskommune har ei prosjektgruppe utarbeida vedlagt prosjektplan. Prosjektarbeidet har vore organisert slik:

- Prosjekteigar - Buskerud fylkeskommune
- Styringsgruppe – Hovudutvalet for utdanning
- Prosjektgruppe : Knut Arne Gurigard Regionrådet for Hallingdal, Liv Juchelka representant for kommunene, Stig Boholm Representant for fylkeskommunen Fredrik Svendsen NHO Buskerud, Rune Waaler Høgskolen i Buskerud, Svein Hanshaugen Næringslivet, industri (leiar), Gunn Eliassen Hallingdal Reiseliv,

Ola Frogner DBC Næringshage AS, Representant fra NAV, Knut Erik Hovde
Representant frå fylkeskommunen,

- Erna Holvik (prosjektleder Ungt Entreprenørskap) har delteke som ressursperson
- Prosjektleder Ingrid Marie Kolsrud som også har vore sekretær for prosjektgruppa.

Nasjonale føringar

Både nasjonalt og internasjonalt er karriererettleiing satt i fokus. God karriererettleiing i eit *livslangt* perspektiv kan motvirke sosial ulikskap i val av utdanning og yrke, og hindre fråfall både i utdanningsløpet og i arbeidslivet.

Satsinga har ei tredelt målsetting:

1. Sikre den demokratiske retten – til fritt å kunne velja – også arbeid og utdanning.
2. Oppfylle politiske målsettingar som livslang læring, låg arbeidsløyse, reduserte feilval og fråfall i utdanning, betre gjennomstrømming i utdanningsløpet, likestilling og inkluderande arbeidsliv.
3. Økonomisk gevinstar - reduserte rekrutterings- og ”turn-over”-kostnader, auka moglegheiterfor skreddarsaum av opplæring.

Hausten 2005 løyvde Kunnskapsdepartementet midlar til utprøving av regionale partnerskap for karriererettleiing. Nordland, Telemark og Akershus er forsøksfylke i perioden 2005-2007. Departementet vil evaluere desse forsøka med tanke på ei landsdekkande innføring av karrieresenter.

Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe la hausten 2006 fram ein rapport om tiltak for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring.

Utgangspunktet er eit betydeleg og vedvarande fråfall i vidaregåande opplæring i Norge. Som eitt av innsatsområda foreslår gruppa å utvikle ein ny struktur for karriererettleiinga. Eit tiltak her er å opprette regionale karrieresenter med rettleiingsansvar for alle utanfor skula og som eit kompetanseressurs overfor skulane.

Utdanningsdirektoratet sendte 8.2.2006 brev til alle fylkeskommunane der dei seier at dei forventar at fylkeskommunane tek ansvar for å styrke karriererettleiinga i eit livslangt perspektiv ved å organisere partnerskap for karriererettleiing i fylka.

Direktoratet skriv m.a.:

- *”Målet for partnerskap for karriereveiledning er å utvikle et forpliktende partnerskap for koordinering og samarbeid om karriereveiledning i et livslangt perspektiv i hvert fylke.*
- *Partnerskap for karriereveiledning bør omfatte flest mulig av de aktuelle aktørene i et reelt forpliktende samarbeid og partnerskap.*
- *Det forutsettes at Partnerskapet for karriereveiledning er forankret i fylkeskommunen.*
- *Fylkeskommunen bør kunne bidra med egne midler, samtidig som tiltaket skal bidra til bedre utnyttelse av eksisterende ressurser, nettverk og kompetanse.”*

Utfordringar for Hallingdal

Det er i denne samanheng peikt på nokre utfordringar for Hallingdal:

- Nedgang i folketalet.
- Liten vekst av arbeidsplassar.
- Liten arbeidsløyse – vanskelig å rekruttere arbeidskraft.
- Spesiell næringsstruktur (1/3 av total sysselsetting er reiselivsrelatert) – manglande søkning til relaterte utdanningsvegar innan reiseliv
- Redusere fråfall i vidaregåande opplæring

- Behov for vaksenopplæring spesielt tilrettelagt for regionen sikne behov.
- Hallingdal har ingen høgskole – treng høgskoletilbod tilrettelagt for arbeidslivet i regionen.
- Betre samarbeid mellom utdanningssystem og arbeidsliv er nødvendig

Målsetting for karrieresenter i Hallingdal.

Heilskapleg karriererettleiing.

Utvikle brukarane sin kompetanse til å kunne ta eigne, bevisste karriereval gjennom heile utdannings- og arbeidslivet.

Utvikle og organisere støttetiltak for karriererettleiing og kompetanseheving i regionen.

Utvikle samarbeid mellom arbeidsliv og utdanningssystem

Bidra til reduksjon av fråfall i vidaregåande skule.

Organisasjonsmodell:

Karrieresenteret skal vera eit offentleg gratis tilbod. Prosjektgruppa foreslår at det for fyrste driftsår blir etablert partnerskapsavtale mellom dei offentlege aktørane i senteret - fylkeskommunen og kommunane i Hallingdal.

Prosjektgruppa foreslår at karrieresenteret får ei bemanning på 2 årsverk frå oppstart. Det er gjort ein føresetnad at det i fyrste driftsåret skal arbeidast med å få ei avklaring av NAV sitt engasjement i senteret.

Det blir forventa at det blir inngått partnerskapsavtaler med høgskule, næringslivet i Hallingdal, opplæringskontora, NHO o.a. aktuelle aktørar i prosjektperioden.

Fylkeskommunen skal ha arbeidsgjevaransvaret fyrste driftsår.

Prosjektgruppa foreslår at det blir oppretta karrieresenter for Hallingdal frå 1.1.2008 – lokalisert til Hallingdal Næringshage. Prosjektperioden vil vera inntil 3 år.

Budsjett og finansiering

Årlege utgifter for senteret i prosjektperioden vil vera 1,5 – 1,6 mill. kroner pr. år.

Totalkostnader 1.driftsår på kr. 1.580.000 er foreslått fordelt 50/50 mellom Buskerud fylkeskommune og kommunane i Hallingdal.

Fordelingsnøkkelen for 2009 og 2010 er foreslått sett opp av styret, ut frå sentrale føringar, NAV og næringslivet sin deltaking og andre samarbeidsavtaler.

Forhold til overordna plan:

Strategisk plan for Hallingdal

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen ut over betre livskvalitet for dei som nyt godt av senteret.

Økonomiske konsekvensar:

Tilskotet vil redusere handlefridomen i driftsbudsjettet med eit beløp tilsvarande det årlege tilskotet.

Vurdering:

Eit karrieresenter for Hallingdal vil vera eit regionalt samarbeid om ei samordna, nøytral, heilskapleg karriererettleiing i eit livslangt perspektiv.

Karrieresenteret skal vera eit supplement for rådgjevingstenesta i grunnopplæringa.

Karrieresenteret skal i tillegg vera eit tilbod til alle innbyggjarar som har behov for rettleiing og informasjon om utdanningsvegar, yrker og jobbmogelegheiter.

God karriererettleiing i eit livslangt perspektiv skal motvirke sosial ulikskap i val av utdanning og yrke, og hindre fråfall både i utdanning og i arbeidsliv.

For skuleåret 2005/2006 var det 60 elevar ved dei vidaregåande skulane i Hallingdal med mangelfull eller ingen dokumentasjon frå sin skolegang. Med ein elevmasse på ca.750 er dette eit stort fråfall.

Ut frå dette bør arbeid for å hindre fråfall vera ei hovudoppgåve for karrieresenteret.

Eit anna satsingsområde bør vera karriererettleiing som virkemiddel inn mot arbeidslivet.

Det er eit sentralt ynskje om å styrkje yrkes- og utdanningsretteiinga i Noreg.

Telemark, Akershus og Nordland fylke har i denne samanheng vore forsøksfylke.

Kunnskapsdepartementet skal evaluere dei tre forsøka med regionale partnerskap med tanke på ei landsdekkjande ordning. Det er også sett ned ei tverrdepartemental arbeidsgruppe for å vurdere oppretting av eit nasjonalt koordinerande organ for utdannings- og yrkesretteiing, rapport skal vera klar 1.10.2007.

Ut frå dette kan det stillast spørsmål ved kor sterkt kommunane skal involvere seg før sentrale styresmakter har bestemt seg for framtidige løysingar.

På den andre sida er det grunn til å tru at også framtidige løysingar vil vera basert på partnerskapsavtaler der kommunane vil måtte vera ein aktør.

For at eit karrieresenter skal lykkast vil det vera heilt avgjerande at NAV blir ein vesentleg del av karrieresenteret, samstundes som det er eit sterkt engasjement frå næringslivet.

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommune vil delta i det 3-årige regionale prosjektet Karrieresenter for Hallingdal, under føresetnad av at dei andre Hallingdalskommunane og øvrige samarbeidspartnarar deltek slik som prosjektplanen legg opp til.
2. Ål kommune vil yte kommunalt tilskot innafor ei ramme på 165.000 kr i 2008, og med den nedtrapping som saka legg opp til for 2009 og 2010.

Rådmannen i Ål, 15.07.2007

Trond Kleppen
rådmann

Formannskapet handsama saka den 13.08.2007, saksnr. 86/07

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 43/07

Arkivsaksnr: 07/1223

Arkivkode: 223 U01

Sakshandsamar: Are Fosse

Saksnummer	Utval	Møtedato
85/07	Formannskapet	13.08.2007
43/07	Kommunestyret	22.08.2007

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - TØMRARA'N AS

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Søknadsskjema frå Tømrara'n AS med 4 vedlegg:

1. Søknad om stønad frå Næringsfondet
2. Informasjon om bedrifta
3. Kalkyle
4. Driftsbudsjett 2007-2009

Dokument i saka:

Ingen

Saksopplysningar:

Tømrara'n søker om kr 220.000 til oppføring av ein lagerhall, kontoranneks samt utgifter til marknadsføring og kompetanseheving i 2007 og 2008.

Tømrara'n er ei byggebedrift eigd av Morgan Slåtto og Sjur Søndrål. Selskapet vart stifta i 2006. Dei er i gang med å etablere seg på eit industriområde på Torpo der dei skal oppføre ein lagerhall for bedrifta. Bedrifta leiger i dag lagerlokale, men ei vesentleg auke i verksemda krev større lagerplass til utstyr og materiell.

Tømrara'n har i dag 4 tilsette, 2 fast tilsette i tillegg til eigarane. Dei opplyser at dei kan ha eit behov for å auke arbeidsstokken og i sommar er det og tilsett medhjelparar.

Tømrara'n AS opplyser at omsetjinga for 2007 vil vera på omlag 3,1 millionar og budsjetterar med 3,9 millionar i omsetjing i 2008.

Marknaden for deira produkt er i hovudsak i Øvre- Hallingdal. I tillegg til meir tradisjonell byggeverksemd, har bedrifta spesialisert seg på taktekking, noko som gjer at bedrifta har fleire bein å

stå på. Tømrara'n AS samarbeider med andre bedrifter i byggbransjen, med tanke på taktekkingsbehova.

Lokala dei leiger i dag begrensar produksjonen og dei treng nye lokalar for å realisera potensialet i bedrifta. Investeringa i lagerhall, kontoranneks og utgifter til marknadsføring og kompetanseheving er berekna til om lag kr. 1,55 mill inkl.mva (om lag kr. 1,24 mill eks.mva). Dette skal finansierast med eigeninnsats, lån i lokal bank og tilskot. Dei søker om kr 220.000 som er ca 14 % av totalkostnaden i investeringa.

For meir informasjon om bedrifta, sjå vedlegga i saka.

Forhold til overordna plan:

Jfr. revidert Strategisk næringsplan (Snp) kan tilskot gjevast til bedriftsutvikling innanfor alle næringer:

- Planlegging og etablering av ny verksemd/knoppskyting
- Produkt- og idéutvikling
- Marknadsføring/marknadsanalyse (ny marknad eller nytt produkt)
- Opplæring/kompetanseheving i samband med utviklingstiltak
- Fellestiltak og samdrift

Tiltaka som Tømrara'n planlegg er i tråd med strekpunkt 1 og 2 i SNP. For utan å sikre dei 4 arbeidsplassane som er i bedrifta i dag, har Tømrara'n eit mål om å tilsetja fleire over tid. Søknaden skal difor prioriterast høgt. Kostnadsgrunnlaget for tiltaket er over grensa som er satt til 8 x G (ca kr. 534.000).

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Ingen merknad

Økonomiske konsekvensar:

Eit tilskot vil redusera næringsfond tilsvarande. Det står att kr.1.094.000 på Næringsfondet for 2007 pr 1/8 07.

Vurdering:

Rådmannen tykkjer det er positivt at Tømrara'n AS ynskjer å satse og etablera seg på Torpo med ein ny lagerhall. Lagerhallen er planlagt sett opp ved den vestre avkøyringa til Torpo, på næringsarealet ved sidan av Mestertun AS. Det er og særst positivt at bedrifta legg vekt på kompetanseheving.

Tiltaket er i tråd med måla for SNP om å sikre og skape nye arbeidsplassar i tillegg til at det vil vera med på å skape ein meir robust næringsstruktur i kommunen. Dersom etterspørselen etter hus og hytter heldt seg på eit godt nivå i åra som kjem, vil det gje bedrifta fleire tilsette. Produktet taktekkning gjer at bedrifta her fleire bein og stå på om det skulle bli nedgang i byggmarknaden.

Rådmannen er positiv til søknaden frå Tømrara'n AS og vil tilrå ei løyving på kr. 183.000. Dette er i tråd med liknande søknader i denne bransjen.

Rådmannen si innstilling:

Ål kommunestyre løyver inntil 12 % av samla kostnader til Tømrara'n AS. Tilskotet er avgrensa til kr. 183.000, og skal nyttast til oppføring av lagerhall, kontoranneks, marknadsføring og kompetanseheving som omsøkt. Tilskotet blir løyvd frå konto 147--.4000.3252.903 næringsfond 2007 og utbetalt i samsvar med vedtekne retningsliner.

Utviklingsavdelinga, 03.08.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Are Fosse
Næringskonsulent

Formannskapet handsama saka den 13.08.2007, saksnr. 85/07

Handsaming:

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 44/07

Arkivsaksnr: 05/1387

Arkivkode: GNR 998

Sakshandsamar: Trond Erik Buttingsrud

Saksnummer	Utval	Møtedato
71/06	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	04.07.2006
132/06	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	19.12.2006
31/07	Sektorutval for teknisk, næring og ressurs	24.04.2007
44/07	Kommunestyret	22.08.2007

EIGENGODKJENNING - REGULERINGSPLAN FOR KROKTJERNVEGEN

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Plankart

Føresegner

Merknader og Rådmannens vurdering

Dokumentoversikt

Dokument i saka:

Jf. dokumentoversikt

Saksopplysningar:

Reguleringsplan for Krokstjernvegen har vore ute til 2. gongs offentleg ettersyn i tida 03.02.07 til 17.02.07. Endringane som er gjort sidan planen var ute til 1. gongs offentleg ettersyn er i hovudsak knytt opp til utforming av krysset mellom Krokstjernvegen og Fv 246. Det er kome 4 merknader til planframlegget.

1 Buskerud Fylkeskommune, brev av 26.02.2007.

Dei merkar seg at kommunen har teke omsyn til merknader i uttale av 22.08.06. Fylkeskommunen har ingen ytterlegare merknader til planen.

2 Fylkesmannen i Buskerud, brev av 15.02.2007.

Miljøvernaveidinga: Ber om at kulvert og skiløype vert avmerka på plankartet. Sidan saka omfattar masseuttak bør planframlegget oversendast til Bergvesenet for uttale. Det bør settast ein tidsfrist for avslutning og masseuttaket og deponeringsområdet.

Landbruks- og næringsavdelinga: Har ikkje merknader til planframlegget.

3 Statens vegvesen, brev av 16.02.2007.

Planforslaget er delvis revidert i samsvar med deira tidlegare motsegn. Det er framleis nokre tilhøve dei finn grunn til å kommentere. Føresegna 5.1 må endrast frå ”...., eller til tangeringspunkt...” til ”...., og tangeringspunkt...”. I tillegg må kordesikt på motsatt side inn som rekkefølgekrav då den ikkje er med innanfor planområdet. Stigninga inn mot fylkesvegen er noko unøyaktig teikna på planen. Stigninga må ta utgangspunkt i fylkesvegens vegkant. Dei tilrår at stigninga på Kroktjernvegen ikkje er høgare enn 16,28 %.

4 Hallingdal kraftnett, brev av 05.02.2007.

I området S7 bør det takast med at Hallingdal kraftnett har ein nettstasjon med transformator og tilhøyrande høg eller lågspentkablur.

Forhold til overordna plan:

Planframlegget er utarbeida i samsvar med punkt 7.1.a i Kommunedelplan for Primhovda, datert 04.08.05. Reguleringsplanen har ikkje store eller vesentlege avvik frå Kommunedelplanen, planframlegget er soleis i samsvar med overordna plan.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

På kommunes viltkart er det registrert eit elgtrekk som kryssar vegen/planområdet. Planen er ikkje til hinder for at elgen framleis kan krysse vegen. Delar av vegen vert planlagd der det i dag er bufarveg. Det er viktig at den nye vegen vert bygd slik at det er lett tilkomst til eksisterande stigar og veger, både for folk og dyr.

Økonomiske konsekvensar:

Dette er ein privat veg og det er ikkje lagt opp til at Ål kommune skal overta driftsansvaret for vegen etter at den er bygd. Vegen vil soleis ikkje føre til auka driftsutgifter for Ål kommune. Det vil gjennom utbyggingsavtale med Øvre-Ålsåsen utvikling AS stillast krav om at utbygger må stå som ansvarleg for avtaler og utgifter knytt opp til gjennomføringa av reguleringsplanen.

Vurdering:

For å sjå Rådmannens vurderingar av dei einskilde merknadane, sjå eige vedlegg ”Merknader og Rådmannens vurdering”. Rådmannen har i all hovudsak imøtekome merknadane.

Dei endringane som Rådmannen tilrår er, etter rådmannens vurdering, mindre vesentlege endringar.

Statens vegvesen har bedt om å få saken til ny handsaming før planen vert eigengodkjent av kommunestyret. Rådmannen rår til at melding om vedtak etter 3. gongs handsaming vert sendt til Statens vegvesen for uttale før planen vert oversendt kommunestyret for eigengodkjenning.

Rådmannen si innstilling:

1. Sektorutval for teknisk, næring og ressurs tilrår at Reguleringsplan for Kroktjernvegen, med tilhørande føresegner, sist revidert 24.01.07, vert godkjent med følgjande endringar:
 - Føresegn 5.1 vert endra frå ”...., eller til tangeringspunkt...” til ”...., og til tangeringspunkt...”.
 - Punktet som starter utrekninga av stigningsforhold flyttast frå vestre vegkant til austre vegkant, og vegen justerast slik at stigningsforholdet inn på fylkesvegen ikkje overstig 2,5 % på dei fyrste 15-20 meterane

Endringane er å sjå på som mindre vesentleg.

2. Melding om vedtak vert sendt Statens vegvesen for uttale.
3. Om Statens vegvesen ikkje har fleire merknader til planen, og endringane under pkt. 1. er gjort, vert planen oversendt kommunestyret for eigengodkjenning med følgjande:

Innstilling:

I samsvar med § 27 i plan- og bygningsloven eigengodkjenner Ål kommunestyre Reguleringsplan for Krokstjernvegen med tilhøyrande føresegnar, sist endra etter vedtak i STNR den 24.04.07.

Utviklingsavdelinga, 25.06.2007

Reidun Aaker
Avdelingsleiar

Trond Kleppen

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 04.07.2006, saksnr. 71/06

Handsaming:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg nytt pkt 3 og 4:

1. Betre oversiktskart som syner kvar i Ål reguleringsområdet ligg.

Rett arealtal i tabellen s 1 i reguleringsføresegnene.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven § 27-1 vedtek Sektorutval for teknisk, næring og ressurs å legge Reguleringsplan for Krokstjernvegen, datert 26.06.06, ut til offentleg ettersyn med følgjande endring.

1. Det vert regulert inn eit område for kommunal tekniske anlegg ved avkøyringa frå Øvre-Ålsvegen.
2. Føresegnene vert endra slik at dei er dekkande for endringa gjort under punkt 1.
3. Betre oversiktskart som syner kvar i Ål reguleringsområdet ligg.
4. Rett arealtal i tabellen s 1 i reguleringsføresegnene.

Planen vert sendt ut med ein høringsfrist på 6 veker.

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 19.12.2006, saksnr. 132/06

Handsaming:

Knut Haug gjekk frå som ugild. Olav Lappegard tok over som ordstyrar.

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningsloven § 27-1 vedtek Sektorutval for teknisk, næring og ressurs å legge Reguleringsplan for Krokstjernvegen, datert 26.06.06, ut til 2. gongs offentleg ettersyn med følgjande endringar.

Føresegnene:

1. I punkt 1.6.2 endast P1 til S2.

2. Under punkt 1.5 må det leggest til at kulvert skal ferdigstillast samtidig med veganlegget.
3. Føresegnene endrast slik at reguleringsformål for utvidinga av planen, jf. pkt. 6. under, vert teke med.

Plankartet:

4. Passering av kulvert teiknast inn.
5. Passering av S2, privat parkering, vert trekt mot sør.
6. I tilknytingspunktet til fylkesvegen må det leggest inn ei frisisiktsone på 10x140 meter til kvar side. Planen må utvidast slik av frisisiktsone vert ein del av planen.
7. Der byggegrense mot veg kjem inn på byggeområde, må dette gå fram av plankartet. Byggegrense for fylkesvegen er på 15 meter målt frå senterline veg og 40x40 m byggetrekant i kryss.
8. Den nye vegen synes å ha for stort fall inn mot fylkesvegen. Det er krav om maksimalt 2,5 % stigning i ei lengde av 15-20 m frå fylkesvegens vegkant. Dersom den nye vegen ikkje får fast dekke, vil det og vera eit krav med tilsvarande fall ut frå fylkesvegen dei første 2 meter
9. S7 flyttast ca. 20 meter oppover etter vegen. Det må i tillegg teiknast inn eit avkøyring til S7 med senterline ca. 30 meter frå senterline til fylkesvegen.

Når endringa under pkt. 1 til 9 er gjort, vert planen sendt ut på ei avgrensa høyring til partar som i vesentleg grad er rørt av endringa. Høyringsfristen vert sett til 14 dagar.

Sektorutval for teknisk, næring og ressurs handsama saka den 24.04.2007, saksnr. 31/07

Handsaming:

Knut Haug gjekk frå som ugild. I hans stad møtte Harald Medgard.

Rådmannens framlegg vart samrøystes tilrådd.

Vedtak:

1. Sektorutval for teknisk, næring og ressurs tilrår at Reguleringsplan for Krokstjernvegen, med tilhørande føresegn, sist revidert 24.01.07, vert godkjent med følgjande endringar:
 - i. Føresegn 5.1 vert endra frå ”...., eller til tangeringspunkt...” til ”...., og til tangeringspunkt....”.
 - ii. Punktet som starter utrekninga av stigningsforhold flyttast frå vestre vegkant til austre vegkant, og vegen justerast slik at stigningsforholdet inn på fylkesvegen ikkje overstig 2,5 % på dei fyrste 15-20 meterane
 - iii. Endringane er å sjå på som mindre vesentleg.
2. Melding om vedtak vert sendt Statens vegvesen for uttale.
3. Om Statens vegvesen ikkje har fleire merknader til planen, og endringane under pkt. 1. er gjort, vert planen oversendt kommunestyret for eigengodkjenning med følgjande:

Innstilling til kommunestyret:

I samsvar med § 27 i plan- og bygningsloven eigengodkjenner Ål kommunestyre Reguleringsplan for Krokstjernvegen med tilhørande føresegn, sist endra etter vedtak i STNR den 24.04.07.

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 45/07

Arkivsaksnr: 06/1482

Arkivkode: K44 &00

Sakshandsamar: Trond Erik Buttingsrud

Saksnummer	Utval	Møtedato
45/07	Kommunestyret	22.08.2007

FORSKRIFT OM HUNDHALD, ÅL KOMMUNE

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Forskrift om hundehald, Ål kommune, Buskerud.

Oversikt over innkomne merknader.

Utkast til forskrift som er i tråd med rådmannens innstilling.

Dokument i saka:

Høyringsbrev med forskrift.

Innkomne merknader

Saksopplysningar:

Fram til 31.12.06 har "Forskrift om bandtvang for hund" av 18. september 2000, vore gjeldane i Ål kommune. Denne forskrifta blei i si tid vedteke med heimel i bufelova, for å hindre konflikt mellom hund og beitande husdyr.

Alt lovverk knytt til hundehald er no samla i Lov om hundehold av 4. juli 2003 nr. 74. Dette fører til at lokale forskrifter om hundehald, bandtvang m.m. som tidlegare er vedteke med heimel i anna lovverk, er ugyldig etter utgangen av 2006.

Administrasjonen i kommunen, har i samarbeid med dei fagansvarlege i dei andre Hallingdalskommunane, utarbeidd eit framlegg til forskrift om hundehald i den enkelte kommune. Det har vore eit mål å få mest mogleg lik ordlyd i forskriftene, slik at hundeeigarar i Hallingdal skal ha et mest mogleg likt regelverk å halde seg til.

Kommunestyret vedtok i møte den 27.11.2006, sak 147/06, å legge forslag til lokal forskrift om hundehald i Ål kommune ut på høyring. Forskrifta har vore ute til høyring i perioden 22.02.07 til 10.04.07. Det har kome 12 merknader til forskrifta, sjå vedlagt oversikt.

Forhold til overordna plan:

Forskrifta er utarbeida i medhald av Hundlova.

Helse-/miljø og beredskapsomsyn:

Sjå under vurdering.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for Ål kommune

Vurdering:

Forskrifta har til hensikt å verne omgjevnadane mot uheldige sider ved hundhald. I dei ulike paragrafane i forskrifta inngår omsyn til t.d. beitedyr, andre hundar, astmatikarar, born og ålmenta. Forskrifta sett avgrensingar for hund og hundeeigar, og pålegg hundeeigar pliktar. Det er eit viktig føremål med forskrifta at avgrensingane ikkje skal vera større enn naudsynt, og at avgrensingane knytt opp mot hundehaldet er tufta på reelle behov.

Merknadene til forskrifta kan samlast i følgjande punkt:

1. Unntak for brukshundar (§ 1). Fleire saknar at dei lovfesta unntaka frå bandtvang som ligg i Hundelova vert gjenteke i den lokale forskrifta. Lovgjevar har derimot uttrykt eit ynskje om at dei unntak for bandtvang som er i Hundelova ikkje vert gjenteke i lokal forskrifter. Bakgrunn for dette er at lokale forskrifter ikkje skal overta for Hundelova, men vera eit supplement.
2. Bandtvang med omsyn til beitedyr (§2). Fleire merknader går på at det ikkje skal vera sau i fjellet etter hovudsanken, og at det av den grunn ikkje er heimel til å innføre bandtvang etter hovudsanken. Av erfaring veit vi at det ofte kan gå at sau i fjellet også etter hovudsanken. Det kan og gå at mykje sau i åsane etter hovudsanken. Her har vi og konkrete eksempel på at hund har rivi sau. Administrasjonen ynskjer derfor at ein ikkje endrar på datoen for bandtvang med omsyn til husdyr på beite.
3. Bandtvang i maskinpreparerte skiløyper (§3). Fleire merknader går på at det ikkje er lovheimel til å innføre bandtvang i alle maskinpreparerte skiløyper. I forarbeida til Hundeloven heitar det at utvida bandtvang kunn kan innførast der det er reelle problem og at dei som ynskjer å gå med laus hund også skal ha eit tilbod. Slik §3, første setning er utforma, vil ikkje kommunen ha eit tilbod til dei som ynskjer å gå med laus hund i skiløyper. Det er klart at laus hund i skiløyper er eit problem for mange. Det vera seg andre med hund eller born. For å imøtekomme intensjonen i Hundelova foreslår vi å endre §3, første setning til "Det er bandtvang i maskinpreparerte skiløyper i tidsrommet f.o.m. 24. desember – t.o.m. 2. januar, f.o.m.20.februar – t.o.m. 5 mars og f.o.m. laurdag før palmesøndag – t.o.m. 2. påskedag." I tillegg er det ynskjeleg med bandtvang i heile Fylkesanlegget for skiskyting på Liatoppen. Det fordi området er mykje brukt heile året. Administrasjonen rår difor til av følgjande vert teke inn i §3: "Det er bandtvang i Fylkesanlegget for skiskyting på Liatoppen."
4. Fjerning av hundemøkk (§4). Fylkesmannen meiner det er å gå noko langt å kreve at hundeeigar fjernar hundemøkk frå skiløyper og tilrettelagte friluftsområde. Andre merknader går på at dette er positiv. Hundemøkk i skiløyper er eit problem i kommunen, så administrasjonen rår til at dette punktet vert ståande i forskrifta.
5. Støyande åtferd (§4). Fylkesmannen rår til at første setning i §4 vert skrive om. Administrasjonen synes derimot setninga er dekkjande og rår til at setninga vert ståande som i høyringsutkastet.

6. §5 Områder der hundar har ingen eller avgrensa tilgang. Det er per i dag ikkje registrert problem med hundar på kyrkjegardar. Med bakgrunn i at det skal være eit reelt problem ein ynskjer å løyse ved å innføre innskrenkingar i hundehaldet, rår administrasjonen til at §5 første setning være fjerna.
7. §8. Sidan dette ikkje er ei endrings forskrift og Forskrift om bandtvang for hund, Ål kommune, av 18. september 2000, i dag ikkje er gyldig, rår administrasjonen til at oppheving av Forskrift om bandtvang for hund, Ål kommune, Buskerud, av 18. september 2000, vert teke ut av §8.

Rådmannen si innstilling:

Med heimel i Hundeloven §§ 6 og 11 vedtek Kommunestyret i Ål høyringsforslag til Forskrift om hundehald, Ål kommune, Buskerud, med følgjande endringar:

1. §3 første setning vert endra til "Det er bandtvang i maskinpreparerte skiløyper i tidsrommet f.o.m. 24. desember – t.o.m. 2. januar, f.o.m.20.februar – t.o.m. 5. mars og f.o.m. laurdag før palmesøndag – t.o.m. 2. påskedag."
2. "Det er bandtvang i Fylkesanlegget for skiskyting på Liatoppen." vert lagt til i §3.
3. §5 første setning vert stroke.
4. Oppheving av "Forskrift om bandtvang for hund, Ål kommune, Buskerud" av 18. september 2000, vert teke ut av §8.

Utviklingsavdelinga, 22.06.2007

Trond Kleppen
Rådmann

Reidun Aaker
Avdelingsleiar

Ål kommune

Saksutgreiing

Saksnr.: 46/07
Arkivsaksnr: 07/1263
Arkivkode: 061

Sakshandsamar: Kirsten Sollien

Saksnummer	Utval	Møtedato
46/07	Kommunestyret	22.08.2007

MELDINGAR OG ORIENTERINGSSAKER TIL KOMMUNESTYRET 22.08.07

Saka vert avgjort av:
Kommunestyret

Vedlegg:

1. Årsmelding Hallingdal Etablerersenter 2006
2. Notat frå Roar Jørgensen AS datert 04.07.07. Ombygging av Ål ungdomsskole, redegjørelse av kostnadsøkning
3. Samla saksframlegg F.sak 83/07 m/vedlegg. Oversikt over bruk av fond 2005-2007
4. Møteprotokoll frå formannskapet 25.06.07
5. Møteprotokoll frå formannskapet 13.08.07
6. Møteprotokoll frå sektorutval for oppvekst 26.06.07
7. Møteprotokoll frå sektorutval for oppvekst 09.08.07
8. Møteprotokoll frå sektorutval for helse og sosial 26.06.07
9. Møteprotokoll frå sektorutval for teknisk, næring og ressurs 26.06.07
10. Møteprotokoll frå regionrådet for Hallingdal 22.06.07

Rådmannen si innstilling:
Ingen.

Administrasjon- og fellestenester, 13.08.2007

Trond Kleppen
rådmann

Kirsten Sollien